

# Referat Styremøte i SKK 08.01.03

Tilstades:

Rune Berge

Laila Hjellvoll

Terje Hanekam

Terje Sæle

Tove Irene Bjørnseth

Geir Alden

Saker som blei tekne opp:

1. Årsmøte for 2003 og medlemsmøte blir i kantina i Bergehuset 28.januar 2003

## Saker som må fremjast på årsmøte:

❖ Innføring av ny kontingent som inkluderar eit basiskurs.

Basiskurset vil vere eit enkelt praktisk kurs utan teori. Det er tenkt at den introduksjonsleiaren som skal ha basiskurset skal/kan få opplæring av Rune eller Roald.

No er kontingenten på kr.200,- , forslag å heve den til kr. 300,-

❖ Val av nytt styre.

Det er ikkje oppnemdt noko valkomite for i år. Rune ynskte at Roald og Tove kunne fungere som valkomite fram til årsmøte og finne kandidat til nytt styre som skal velgjast på årsmøtet. I tillegg er det ynskjeleg at valkomiteen finn kandidatar til neste års valkomite(2004) og dessutan kandidatar til leiarar for: 1.Driftsgruppe for naustet og 2.Turprogram gruppe.

2. Treningstider:

Utandørs som før torsdagar kl.1700 og utover

Innandørs: Sundagar kl.18-21 i symjehallen i Førdehuset. Betalar kr. 100,- pr. time.

3. Drift av naustet:

Rune har sett på ulike alternativ til låssystem for naustet. Det går mot ein kodelås til ca. kr. 2000,-

Det må vere dognad på å lage stativ til kajakkane inne i naustet.

Det må opprettast ei driftsgruppe for naustet. Hittil er det Rune Og Tore som har hatt ansvaret. Dette må opp på medlemsmøtet.

4. Info.

I påska skal det vere eit padlesymposium i Askvoll med forskjellige aktivitetar. Symposiumet er eit samarbeid mellom Njård (privat padlefirma i Askvoll), Norges padleforbund og det engelske padleforbundet (BCU). Ein tek sikte på å utdanne treningsleiarar (leia av BCU) og dessutan ha eit grunnkurs (leia av Rune med observatør frå BCU). Påskeafta og 1. påskedag ver det turar.